

Alver Kommune Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykker: Kjartan Medaas  
Vår: 22/7438 - 22/84747

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
07.11.2022

## **Løyve til omdisponering etter jordlova til vegføremål- gbnr 102/8 Vabø**

**Administrativt vedtak**      **Sakna: 1257/22**

**Eigedom:**      Gbnr: 102/8

**Vedtak :**

**Alver kommune gjev samtykke til omdisponering av 0,08 da innmarksbeite til veg som omsøkt på gbnr 102/8. Vedtaket har heimel i jordlova § 9.**

**Vedtaket er gjeve på følgjande vilkår:**

- det vert gitt dispensasjon til tiltaket etter plan- og bygningslova
- hovudbruket gbnr 102/8 skal eiga vegen og ha rett til å bruka vegen til landbruksdrift
- den nye tomten får vegrett

**Saka gjeld**


Saka gjeld søknad om omdisponering av 0,08 daa innmarksbeite til veg .

Saka gjeld søknad om frådeling av ny bustadtomt. I saka er det søkt om dispensasjon frå jordlova §9 for tilkomstveg til den nye tomta. Sjølvे tomten er i kommuneplanen sett av som byggeområde (gult), og treng difor ikkje handsamast etter jordlova. Tilkomstvegen ligg i LNF-område, og er i gardskart registrert som innmarksbeite. Det er difor naudsint med handsaming etter jordlova § 9, omdisponering.

Føremålet med frådeling og bygging av veg er at ein av arvingane til landbrukseigedomen skal busetja seg på den frådelte tomten, slik at borna kan veksa opp i landlege omgjevnader. Tilflytting til distriktet vert trekt fram som samfunnsverdi og at verken vegen eller tomten vil vera til ulempe for bruk av areala til beite



Figur 1 kartskisse som viser tomt og tilkomstveg og utsnitt frå arealplan for området.



Figur 2 blå skravur viser arealet som må omdisponerast og flybilde av tomten og veg

#### Planstatus/gardskart:

Gardskart Nabo synar at gbnr 102/8 er registrert med 10,5 daa innmarksbeite, 0,6 daa skog, 16,5 daa anna markslag. Sum 29,6 daa.

Søkjær opplyser at eigedomen ikkje har vore i drift på ein del år.

#### Uttale:

Søknaden om dispensasjon er oversendt landbruksavdelinga for handsaming etter jordlova. Jordlovsvedtaket vil inngå som ein del av vurderinga til om det skal gjevast dispensasjon.

#### Vurdering

Arealet er definert som innmarksbeite. Før arealet kan nyttast til andre føremål enn landbruk, må det ligga føre vedtak om omdisponering.

## Omdisponering etter jordlova § 9

I jordlova § 9 1.ledd står det «*Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon.*

Formålet med forbodet mot omdisponering er å verna produktive areal og jordsmonn. Det grunnleggjande formålet er jordvern, det vil sei å sikra matproduserande areal.

I jordlova § 9 2.ledd er det opna for å gje dispensasjon fra 1.ledd i særlege høve der «*det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika*» Ordlyden «særlege høve» understrekar alvoret kring jordvernet, det vil sei å sikre matproduserande areal for framtidige generasjoner.

Ein kan gje samtykke til dispensasjon etter ei samla vurdering av forholda. I jordlova § 9 2.ledd er det sagt kva omsyn som skal tilleggas vekt ved vurderinga: «*ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagn ei omdisponering vil gi. Det skal også takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon*»

Den omsøkte vegen ligg heilt i kanten av eit innmarksbeite, og det er eit lite jordbruksareal som går med til vegen. Om lag 0,08 daa. Fordi at det ligg i utkanten av beite mellom tun og nabogrense meiner kommunedirektøren at det ikkje vil gje særlege driftsulemper om ein skal bruka resten av teigen til beite. Vegen skal ikkje fråseglast og må kunna nyttast av hovudbruket til drift av areala. Arealet er forholdsvis flatt og vil ikkje bety noko endring for kulturlandskapet.

Tomtearealet er i kommuneplanen utlagt til byggeområde for bustad, og det er soleis ei ynskja utvikling for området. Det er mange frådelte hus/hytter i området rundt og det kan vera positivt for området at ein barnefamilie busett seg der.

### Konklusjon:

Med bakgrunn i vurderinga over har kommunedirektøren kome fram til at omsyna bak omdisponering ikkje vert sett til side som følgje av at det samtykke til å omdisponera 0,08 daa til veg.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttat fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 22/7438**

### Bortfall av løyve

Samtykke til deling fell bort om oppmåling ikkje vert rekvisert innan 3 år etter at delingsvedtaket vart fatta, jf. jordlova § 12 (8). Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nyta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtaket er gjort, jf. jordlova § 9 4.ledd.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Siril Sylta  
Tenesteleiar

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

|   |                            |              |                           |
|---|----------------------------|--------------|---------------------------|
| Alver Kommune Plan og byggesak<br>Byggadministrasjon Harald Bjørndal As | Postboks 4<br>Postboks 103 | 5906<br>5649 | FREKHAUG<br>Eikelandsosen |
|---|----------------------------|--------------|---------------------------|